



Spegelen hos Sigmund Myklebust er eit positivt signal om at breibandet endeleg kjem! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utruleg, men sant: Sju månader etter at firmaet Direct Connect lova at breibandet skulle vera på plass i dei øvre delane av Uskedalen, kjem det!
I alle fall er ein spegel som skal dekkja dei to aller øverste husstandane montert og klar og ein i same området som har hatt antenna sittande på veggen sidan i vinter er kobla til.

Akkurat no er montørane som skal gjera jobben vidare nedover i dalen riktignok i oppdrag i Sauda, men dei har lova å koma attende og slutføra verket i Uskedalen om frå ei til to veker. Signala kjem frå Skårhaug-masta.

For stutt tid sidan sa initiativtakar Tore Mathiesen at det bør satsast på ein alternativ leverandør hvis breibandet ikkje er på plass innan utgongen på august. No slepp dei å gjera det, får vi håpa. Det siste løftet frå Direct Connect var at breibandet skulle vera klårt i alle husstandar før 15. august.

Folk er i alle fall grundig lei alle løftebrota. Fyrst fekk dei ikkje tilgang til ei mast på Ølve som tilhøyrar Netcom. Så var det ikkje montørar tilgjengelege fordi det var ferietid. Men no er ferien altså over og montørane i arbeid att.

Av Ola Matti Mathisen